



Abo Plan & Arkitektur AS
Postboks 291
5203 OS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2413 - 19/6525

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
26.03.2019

Godkjenning -Igangsettingsløyve for grunn-, VA i grunn og terrengarbeid for hus 02 Løypetona - gbnr 23/509 Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 70/2019

Tiltakshavar: Jm Norge AS
Ansvarleg søkjar: Abo Plan & Arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Abo Plan & Arkitektur AS har på vegne av tiltakshavar, JM Norge AS, søkt om igangsettingsløyve for graving,- VA i grunn og grunnarbeid for hus 02 i felt B3 Løypetona, gbnr. 23/509. Det vart samstundes søkt om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg.

Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 333/2016, datert 21.10.2016. Det er gitt endringsløyve i vedtak 36/2019 av den 22.02.19, kor tal bueiningar i blokk 02 har auka frå 36 til 42, mens tal bueiningar i blokk 03 vart redusert frå 16 til 9.

Eigedomen er regulert til bustadområde i Reguleringsplan for Løypetona bustadområde, planid: 125620070001.

Vi viser til søknad om igangsetting journalført motteke 18.03.2019 og søknad om tilkopling til kommunalt VA-anlegg, motteke her 23.03.19 og lagringsplan motteke 26.03.19.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no



VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve og med søknad om endring av løyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov- og plangrunnlag:

I rammeløyve vart det godkjent oppføring av bustadblokk 2 med 36 bueiningar innanfor felt B3 i Løypetona i samsvar med reguleringsplan for Løypetona bustadområde. Løyvet vart gjeve på blant anna følgjande vilkår:

- 1) *Innan det blir gitt igangsettingsløyve må det ligge føre godkjent søknad om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg.*
- 2) *Plan for lagring av massar skal leggjast fram for Meland kommune seinast ved søknad om igangsetting for bustadblokka. Lagringsplanen må ikkje berøre areal utanfor arealet som skal opparbeidast, og plasseringa må ikkje vere til ulempe for eksisterande bebyggelse.*


Vatn og avlaup:

Det er søkt om tilkopling til det kommunale vass- og avlaupsanlegget i søknad journalført 23.03.19. Tilkopling som omsøkt er dermed i samsvar med pbl §§ 27-1 og 27-2.

Det er gitt endringsløyve i vedtak 36/2019 av den 22.02.19, kor tal bueiningar i blokk 02 har auka frå 36 til 42 og det ble søkt om tilkopling av 42 bueiningar til kommunalt VA-anlegget.

Lagringsplan:

Plan for lagring av massar vart motteke her 26.03.19:



I søknaden er det opplyst at mellomlagring av jordmasser for blokk 2 og 3 vil bli plassert i regulert friområdet på begge sider frå blokk 2 (merka med rødt farge), og vil bli brukt på tomten i samband med opparbeiding av utomhusarealet for blokk 2. Sprengstein frå byggeområde for blokk 2 og blokk 3 (merka med blå farge) skal plasserast framfor blokk 3, i regulert byggeområde, slik det er vist ovanfor.

Meland kommune legg denne masselagringsplanen til grunn, og føreset at den blir fylgt opp. Ved overskudd av massar anbefaler vi å ta kontakt med kommunen for å finne alternativ plassering.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført motteke 18.03.19. Ansvarleg føretak står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for graving, legging VA i grunn og grunnarbeid forhus 02 i felt B3 i Løypekona, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 18.03.19.

Vidare gir kommunen løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg som omsøkt i søknad journalført 23.03.19 på følgjande vilkår:

- *Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningslinjer og leveringsavtale.*
- *Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.*
- *Tilknytninga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknytninga er utført.*
- *Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding om dette til kommunen.*

- *Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret i 2019 for vatn er kr. 20 000,- og for kloakk kr. 20 000,- pr. bueining + mva.*

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gitt unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt gjennomføringsplan motteke 18.03.19 og innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkelova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.»

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Sanitærabonnement Løypetona
Løypetona Hus 2 - Søknad om løyve til tilkopling vatn og kloakk
000
973-001va
973-000va A

Vedlegg:

hydrant og avstander (003)

Søknad om ignagsettingstillatelse - grunnarbeider og VA i grunn - hus 2

Søknad om IG grunnarbeider og VA i grunn - hus 2

Kopi til:

Jm Norge AS

Postboks 453

1327

LYSAKER

Mottakarar:

Abo Plan & Arkitektur AS

Postboks 291

5203

OS